







GAULAR KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE			
<b>Møtestad:</b>	Møterommet	<b>Møtedato:</b>	28.03.2011
	Kommunehuset på Sande (møterom)	<b>Frå kl.:</b>	11.00
		<b>Til kl.:</b>	15.10
<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet:</b>			
	<b>Møtte:</b>	<b>Forfall:</b>	<b>Merknader:</b>
1. Svein Myrmel, 6973 Sande i Sunnfjord. (leiar)	X		
2. Magnar Hellebust, 6978 Viksdalen (nestleiar)	X		
3. Aud Ingunn Kvile, 6973 Sande	X		
4. Per Lien, Hestagrend, 6973 Sande i Sunnfjord	X		Meldt
5. Heidi Vallestad, 6978 Viksdalen	X		
<b>Varamedlemmer:</b>			
	<b>Møtte:</b>		
1. Steinar Ness, 6978 Viksdalen.			
2. Gunnar Råheim, 6978 Viksdalen			
3. Joar Kirketeig, 6973 Sande i Sunnfjord.			
4. Mette Grytten, 6977 Bygstad.			
<b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>			
Rådmann Helge Følid får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.			
<b>Andre som møtte:</b>			
SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit			
Etatssjef Kjell Navelsaker 012/11.			
Rådmann Helge Følid sak 12/11.			
<b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet:</b>			
<b>SAKLISTA I MØTET:</b>			
Sak 011/11: Skriv og meldingar			
Sak 012/11: Orientering - Teknisk sektor i Gaular			
Sak 013/11: Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Vurdering innkjøpsfunksjonen - Gaular kommune - endeleg val av prosjekt.			
Sak 014/11: Oppmoding om å sjå på sak om avslag på søknad i strid med kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk.			
Sak 015/11: Oppmoding om å vurdere spørsmål om å delta i lønsforhandlingane for 2010.			
Sak 016/11: Oppfølgingsliste 2-2011 Gaular.			
Sak 017/11: Eventuelt.			
<b>Merknader:</b>			
Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste			
<b>UNDERSKRIFTER:</b>		6973 Sande i Sunnfjord	
			
Svein Myrmel, leiar	Aud Ingunn Kvile	Per Lien	
			
Heidi Vallestad	Magnar Hellebust		
			
Asgeir Tveit			

## 011/11 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 09.03.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.03.2011	011/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

SM 04-11: Rapport for året 2010 frå Skatteoppkrevjaren i Gaular.

SM 05-11: Kontrollrapport 2010 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Gaular kommune.

SM 06-11: Tilsynsrapport; Tilsyn med Gaular kommune vedr opplæringslova, datert 24.06.11.

SM 07-11: E-post frå Sekom-sekretariat til Gaular kommune om Rapportar frå kontrollutvalet – handsaming i kommunestyret, datert 01.02.2011.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Rådmannen orienterte kort vedrørende SM 05-11 Tilsynsrapport opplæringslova. Delegasjonsreglementet er oppdatert og dei andre avvika er lukka.
- Skriv og meldingar vert elles tekne til vitande.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 12/11 ORIENTERING – TEKNISK SEKTOR I GAULAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 08.03.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.03.2011	12/11	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

### Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gaular kommune den 02.02.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- 008/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak"
- 010/11 "Orientering om teknisk sektor".

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om Teknisk sektor vert teken til vitande.

### Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet tek orientering om Teknisk sektor til vitande.
- Sekom-sekretariat får i oppgåve å utarbeide ei sak vedrørende politisk handsaming av prosjektrekneskapar til neste møte.

## **ORIENTERING – TEKNISK SEKTOR I GAULAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Orientering om teknisk sektor i Gaular kommune.

### **Saksopplysningar:**

I kontrollutvalssak 008/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" 11.02.2009 vart det bl.a. gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

I kontrollutvalsmøte 01.02.2011 vedtok kontrollutvalet i sak 10/11 Orientering om teknisk sektor å kalle inn rådmannen for å orientere om området.

Administrasjonen i Gaular kommune er pr. brev 02.02.11 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei kort orientering om teknisk sektor i Gaular kommune.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

**13/11: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VURDERING  
INNKJØPSFUNKSJONEN – GAULAR KOMMUNE – ENDELEG VAL AV  
PROSJEKT**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.03.2011

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	29.03.2011	13/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

**Saksvedlegg**

- Brev frå Sekom-sekretariat til Gaular kommune om innleiande undersøking forvaltningsrevisjon innkjøpsfunksjonen – Gaular, datert 18.02.2011.
- Brev frå Gaular kommune om Forvaltningsrevisjon – Innkjøp, datert 17.03.2011.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 14/08, 25/10 og 02/11.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet.....
2. Sekom-sekretariat utformar utkast til tingingsdokument til neste møte i kontrollutvalet.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet: Ei generell vurdering av om regelverket for kommunale innkjøp vert etterlevd.
2. Sekom-sekretariat utformar utkast til tingingsdokument til neste møte i kontrollutvalet

Saksutgreiing

## **FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – VURDERING INNKJØPSFUNKSJONEN – GAULAR KOMMUNE – ENDELEG VAL AV PROSJEKT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet skal gjere endeleg val av prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.

### **Saksopplysningar:**

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 03.11.2008 i sak 014/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I kommunestyremøte 04.12.2008 i sak 048/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 godkjente kommunestyret planen.

I kontrollutvalsmøte 11.11.2010 under sak 025/10 Eventuelt valte kontrollutvalet at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt innan tenesteområdet teknisk sektor. Prosjektet vart gjeve tittel: ”Vurdere bemanning og ressursbruk på tenesteområdet teknisk sektor”

Til kontrollutvalsmøtet 02.02.2011 hadde SEKOM-sekretariat utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget.

I sak 02/11 ”Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdere bemanning og ressursbruk på tenesteområdet teknisk sektor – tinging” vart det bestemt å endre innhaldet i prosjektet til å omhande innkjøpsfunksjonen i kommunen, og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vurderer forvaltningsrevisjon inn mot innkjøpsfunksjonen i kommunen.*
- *Alternative prosjekt er:*
  - a) *Ei generell vurdering av om regelverket for kommunale innkjøp vert etterlevd.*
  - b) *Vurdering av skrivne avtalar og oppfølging av desse vedrørande drift og vedlikehald av veg.*
- *KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat får i oppgåve å føreta ein førehandsanalyse før endeleg val av prosjekt.*

18.02.2011 vart det sendt brev til kommunen med spørsmål vedrørande dei to nemnde vinklingane av prosjektet i vedtaket. Det vert vist til brevet.

17.03.2011 har kommunen svart på brevet. Det vert vist til brevet.

Spørsmåla/svara 1 – 7 omhandlar alternativ a) Ei generell vurdering av om regelverket for kommunale innkjøp vert etterlevde.

Spørsmåla/svara 8 – 12 omhandlar alternativ b) Vurdering av skrivne avtalar og oppfølging av desse vedrørande drift og vedlikehald av veg.

Kontrollutvalet si oppgåve blir å velje prosjekt mellom dei to alternativ;

- a) *Ei generell vurdering av om regelverket for kommunale innkjøp vert etterlevd.*

*b) Vurdering av skrivne avtalar og oppfølging av desse vedrørende drift og vedlikehald av veg.*

Sekom-sekretariat vil utarbeide forslag til tingingsdokument til neste møte i kontrollutvalet.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet vurderer det slik at ingen av dei to alternativa peikar seg ut som opplagt å velje på grunnlag av den undersøkinga som er gjort.



## 016/11 OPPFØLGINGSLISTE 2-2011

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.03.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	29.03.2011	016/11 - -	- - -	Ja

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2011 Gaular.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2011 vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 2-2011 vert teken til vitande.

Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 2-2011**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24.03 2011.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 2-2011 - Gaular.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.  Gjenstår å sende brev til KRYSS om tiltak.
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune.
017/10 Orientering – skatteoppkrevjaren.	07.09.10		07.09.10 KU-ser behov for å auke ressursane til avd. 14.09.10 sendt kommunestyret.
020/10 Etableringslån	07.09.10		07.09.10 Vedtak KU – KU tek orientering til vitande. 08.09.10 Brev frå Terje Guddal til Rådmann i Gaular.
022/10 Rapport - Egarskapkontroll	11.11.10		11.11.10 Tilråding til kst. 12.11.10 Rapport oversendt til kommunestyret. 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune.
001/11 Skriv og meldingar	01.02.11		01.02.11 Vedtak KU – teke til vitande.
002/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdere bemanning og ressursbruk på tenestområdet teknisk sektor – tinging.	01.02.11		01.02.11: Vedtak KU – foranalyse smb KRYSS/SEKOM 18.02.11 Brev s Gaular kommune 17.03.11 Brev frå Gaular kommune.
03/11 Orientering – Skulekulturetaten i Gaular.	01.02.11		01.02.11: Vedtak KU – teke til vitande.
04/11 Møteplan 2011	01.02.11		01.02.11: Vedtak KU – Endra to datoar
05/11 Årsmelding 2010	01.02.11		01.02.11: Tilråding til kst.
06/11 Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	01.02.11		01.02.11: Vedtak KU s. sm til kst.
07/11 Fullmakt til FKT om å få leggje ut rapportar på heimesida.	01.02.11		01.02.11: Vedtak KU – Gjeve fullmakt.
08/11 Oppfølgingsliste 1-2011 Gaular.	01.02.11		01.02.11: Ber om at rapportar etter forvaltningsrevisjon VAR-sektoren og eigarskapkontroll Alarmsentralen vert lagde fram for kommunestyret.
09/11 Eventuelt.	01.02.11		01.02.11: Vedtak KU – Teke opp sak om å kalle inn til orientering om teknisk sektor.
10/11 Orientering teknisk sektor	01.02.11		01.02.11: Vedtak KU – Rdm vert kalla inn til neste møte for å orientere om teknisk sektor.
11/11 Skriv og meldingar	29.03.11		
12/11 Orientering teknisk sektor	29.03.11		
13/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering innkjøpsfunksjonen – val av prosjekt	29.03.11		
14/11 Oppmoding om å sjå på	29.03.11		

sak om avslag på søknad i strid med kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk.			
15/11 Oppmøding om å vurdere spørsmål om å delta i lønsforhandlingane for 2010	29.03.11		
16/11 Oppfølgingsliste 2-2011	29.03.11		
17/11 Eventuelt	29.03.11		

Oppdatert 24.03.11

## 17/11 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.03.2011

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	29.03.2011	17/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalsmøtet som etter planen er sett til 8. juni 2011 vert flytta til 19. mai 2011.

### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.